



Kjartan Thoresen i kommunen orienterte

**Kva for ein arealstrategi vel vi i dei sentrale delane av Uskedalen?
Kva skal vi eigentleg rekna som sentrum?
Skal vi byggja på Sandabakkane eller la dei liggja urørde førebels ?
Dette er 3 av dei aktuelle spørsmåla som ikkje vart besvart under Uskedal Utviklings oppstartmøte om sentrum i framtida.
Det var heller ikkje venta. Men no startar planleggjinga.**



Sandabakkane er det kvite feltet midt i gjeldande kommuneplan

- Vi har snakka om dette i mange år og no er vi klare til innsats. Vi har mange flinke folk i bygda som kan hjelpa oss, sa UU-leiar Kristian Olav Bringedal.

Han tenkte seg eit snarleg, nytt møte med kommunen, val av ei plangruppe og framleggjing av ei skisse i neste UU-møte om ein måned. Men det vert også aktuelt å engasjera eit konsulentfirma.

Leiaren var sterkt oppteken av at det vert tenkt heilskap i planleggjingsprosessen.

Bakgrunnen for møtet i Gamleskulen som berre samla 15 var at det i vår vart løyvd 250 000 tiil planleggjing i bygda, ein sum som må nyttast hvis han ikkje skal verta trekt attende, Men Kjartan Thoresen i planavdelinga i kommunen gjorde det klårt at denne summen ikkje strekk så langt, Difor er det viktig å få mest mogeleg ut av han.

Samla kostnad for ein ferdig plan vert truleg opp mot ein million avhengig av tematisk og geografisk ramme. Thoresen nytta fleire omgrep som overskrift for planen, men meinte det i fyrste omgang var gunstig å satsa på ein arealstrategi utifrå dette spørsmålet:

Kva manglar vi som vi vil ha i Uskedalen og kvar skal det liggja?

Thoresen meinte UU bør spela ei sentral rolle i jobben. Han innrømte at det er nærliggjande å peike på Sandabakkane som utbyggingsareal i sentrum, men andre åtvvara mot å gå laus på denne indrefiletten.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen